



# Møtebok

Sak nr 51/2009

Møtedato: 18.11.09

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

## Offentleg ettersyn, plan for Vaset sentrum

Kommunen har lagt plan for Vaset sentrum ut til offentlig ettersyn. Planen inneber ein justering/presisering av Vaset sentrum. I tillegg legg planen opp til ytterlegare utbygging enn det gjeldande plan (Vaset utbyggingsområde) gjer, både med tanke på område for erverv samt fritidsbustader. Det planleggast kryssingsfrie skiløyper der dette er mogleg.

Det er lagt ved 2 alternative plankart, der det eine legg opp til nedbygging av noko dyrka mark med krav om nydyrking for slike tiltak kan setjas i verk. Det 2. alternativet viser redusert nedbygging av dyrka mark.

Fjellstyret skal etter fjellova sikre bruksrettane og arbeide for å sikre naturvern- og friluftinteressene i statsallmenningen. Det meste av planområdet har fjellstyret i tidlegare planer akseptert at bruksinteressene skal vika, og det er betalt erstatning for dette.

Ved eventuell nydyrking som erstatning for omregulert stølsjorde, er det fjellstyret som viser ut tilleggsjord, jf stølsforskrift §20. Stølsbrukaren går sterkt mot ei slik omregulering. Frå LMD er det kome sterke føringar som set forbod mot omregulering av dyrka mark. I kommunedelplan for Vaset går framtidig veg i grensa for det stølsområdet som er foreslege omregulert. Får ein etablert slik sentrumsutvikling som planen legg opp til, fell mykje grunnlaget for omlegging av veg bort.

Tidlegare har alt areal nedanfor vegen Vaset-Murkelie vore avsett til LNF-område. Her er det no foreslege eit område til hotell (H1) og eit område til privat naust (SA1). Det har vore eit viktig prinsipp å ikkje bygga ned det området som er det mest verdifulle for naturvern- og friluftinteressene. Ev. hotell har tidlegare vore planlagt ovanfor vegen i område S3.

Hotellet er planlagt plassert der det er masseuttak i dag. Om området i dag ikkje ser spesielt verdifullt ut, kan dette området lett førast tilbake til naturen etter masseuttaket er avslutta. Hotelltomta går berre 20 meter frå Vasetvatnet. Ei ev. utbygging som foreslege, gjer at det tilgjengeleg friareal nær vatn blir sterk redusert. Det er også viktig at ein frå gjennomfartsåra i utbyggingsområdet klarar å bevare eit visuelt inntrykk av mest mulig urørt område ned mot vatnet.

Slik naustet er foreslege plassert, vil det ta i bruk eit nytt og urørt område. Fjellstyret meiner det ikkje er rett å plassere dette i eit urørt friområde. Dette prinsippet har planutvalet vore svært klare på m.a. i planutvalet si sak 59/09. Eit slikt prinsipp er langt vitigare å ta omsyn til i eit sentrumsnært område samanlikna med eit stølsområde med mykje friareal. I planutkastet er det vist veg ned til vatnet til kommunalt bygg (K2), og dette kan vera ei alternativ plassering. Dette vil då også løyse ev. behov for transport, både i byggeperiode og i drift. Utan å leggja veg fram til planlagt naust, vil det i drifta ikkje vera lovleg med motorisert transport av utstyr fram til naustet.

## Vedtak

Fjellstyret ser positivt på ei etablering av sentrumsutbygging slik det er skissert i planen, og har følgjande merknader til planen:

- F/N1: Fjellstyret støttar stølsbrukar sitt syn på omregulering av stølsjordet, og spør om dette blir omregulert grunna omsynet til jordvern.
- H1: Grunna omsyn til naturvern- og friluftinteressene meiner fjellstyret at det ikkje er rett å leggja ut utbyggingsareal nedanfor vegen Vaset-Murkelie. Fjellstyret tilrår at dette området framleis blir reservert til LNF-område.
- SA1: Fjellstyret meiner foreslege plassering av naust ikkje er det beste med omsyn til naturvern- og friluftinteressene, og ber kommunen vurdere ny plassering av naust.

Einstemmig vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 27.11.09

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune  
Statskog